

FAU ved Ulvestad barneskule
v/ leiar Cecilie Haugen Dale
Haugevegen 57
6133 LAUVSTAD

11.01.15

postmottak@kd.dep.no

Høyringsuttale - Forslag om endringar i Privatskoleloven - Punkt om elevtalsgrense

Ulvestad barneskule i Volda kommune er godkjent på religiøst grunnlag, og har 17 elevar skuleåret 2014/2015. FAU stiller spørsmål ved forslaget om endring av elevtalsgrense frå 15 til 30 elevar. Det vil seie at den velfungerande skulen vår må legge ned drifta dersom det vert mindre enn 30 elevar 3 skuleår på rad. FAU meiner at det ikkje kan setjast noka elevtalsgrense for kva som er ein god skule. Vi kan heller ikkje sjå at det finst forskning som viser at små skular er dårlegare enn store skular verken fagleg, pedagogisk eller sosialt. Tvert om viser forskning at dersom ein kan påvise nokon skilnad på små og store skular er det i dei små skulane sin favør.

Ulvestad barneskule har eit godt fagleg, pedagogisk og ikkje minst sosialt miljø. Elevane har høg trivsel og viser gode resultat på nasjonale prøver og andre testar. Foreldre og elevar er svært nøgde med det gode læringsmiljøet, og vi ynskjer ikkje at regjeringa og Stortinget tek frå oss skulen ved eventuell innføring av eit minstetal på 30 elevar. FAU forventar at regjeringa og Stortinget respekterer elevane sin rett til å gå på skule i nærmiljøet, og foreldra sin fridom til å velje skule som er godkjent på religiøst grunnlag. Vi vil også føreslå at regjeringa og Stortinget gjer framlegg og vedtak om at kravet om minimum elevtal i privatskular med statstilskot vert oppheva.

Vi har forventningar om at desse synspunkta vert tekne med i vurderinga av endring i Privatskoleloven.

Med helsing
FAU ved Ulvestad barneskule

Cecilie Haugen Dale
Leiar
Sign.